



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker

Møtedato: 09.11.2017
Møtetid: kl. 18:30
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Synnøve Kårstad Ryland, Ingunn Reigstad, Anne Sofie Nergård Uthaug, Bent Gunnar Næss, Andreas Westermoen, Andreas Sagstad Berg. Brigte Roar Skeie kom uti handsaming av sak 006/17.

Meldt forfall:

Regine Sagstad Berg, Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad.

Innkalling, sakliste og sist møtebok:

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 14.09.17 vart godkjent.

Meldingssaker:

Sak 005/17 Støtte til Felix Vocalis

Forslag til vedtak:

Soknerådet ber styret i Felix ta stilling til følgjande spørsmål innan (neste AU-møte), slik at eventuell løyving av støtte kjem med i budsjetthandsaminga for 2018.

- Er framlegget til budsjett for 2018 for Felix realistisk sett opp?
- Ønskjer koret meir sjølvstende i forhold til Meland kyrkjelyd?
- Ønskjer koret at soknerådet held fram med rekneskapsarbeidet og tek på seg lønnsarbeid for dirigenten?

Møtebehandling:

Nytt framlegg til vedtak i møtet:

Soknerådet ser på koret Felix Vocalis som ein viktig del av kyrkjelydsarbeidet og vil støtte koret med lønn til kyrkjelydsmusikar, lokale, og rekneskapsføring.

Vedtak:

Soknerådet ser på koret Felix Vocalis som ein viktig del av kyrkjelydsarbeidet og vil støtte koret med lønn til kyrkjelydsmusikar, lokale, og rekneskapsføring.

Samrøystes vedtak

Sak 006/17 Visjon og vidare arbeid



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Forslag til vedtak:

AU arbeider vidare med notatar frå møtet.

Møtebehandling:

Vedtak:

AU arbeider vidare med notatar frå møtet.

Samrøystes vedtak.

For Meland sokneråd - soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje